



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Oslo 1. okt. 2005

Høyring – forslag om endring av forskrift 15. juni 2001 nr. 682 om avgrensing av meirverdiavgiftsgrunnlaget for helsetenester (Forskrift nr. 119)

Ein viser til brev datert 30.06. 2005.

Slik Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon (NNH) ser det, er det tre sentrale element i høyringsnotatet:

1. Meirverdiavgiftsunntak (m.v.a.) knytta opp til registrering i utøvarregisteret
2. Organisasjonsfridom
3. Meirverdiavgiftsunntak og autorisert helsepersonell

1. Meirverdiavgiftsunntak knytta opp til registrering i utøvarregisteret

NNH brukte store ressursar i samband med innføring av dei nye m.v.a.- forskriftene i 2001. Det vedtaket som då blei gjort, opplevde vi som lite gjennomtenkt, ulogisk og skapte ein uheldig konkurransevidning mellom ulike alternativmedisinske terapiformer og gav autorisert helsepersonell konkurranseforstrinn. NNH ser derfor med glede på at vi gjennom utøvarregisteret har fått eit redskap til å skapa fornuftige og logiske avgrensingar når det gjeld m.v.a – plikt eller ikkje.

2. Organisasjonsfridom

NNH ser det prinsipielle i denne drøftinga, men innser at så lenge kvalitetssikring av dei alternativmedisinske faga er tillagt organisasjonane og ikkje eit uhilda offentleg organ, er individuell registrering i utøvarregisteret ikkje å tilrå.

3. Merverdiavgift og autorisert helsepersonell

Sitat frå notatet side 4: «Som tidligere nevnt innebærer ikke registreringen, i motsetning til helsepersonells autorisasjonsordning, en godkjenning på faglig grunnlag av den enkelte utøver eller av behandlingsformen».

På lik linje med det som blir skrive her, borgar heller ikkje ein offentleg autorisasjon innan ulike helsefag, at vedkomande har kompetanse i å utføra alternativ behandling. NNH meiner difor at også autorisert helsepersonell skal vera registret i utøvarregisteret for å få m.v.a – fritak. Vi går derfor inn for at forslaget i forskriftsendringa som er formulert i Alternativ 2 skal bli gjeldande.

NNH meiner at ein overgangsperiode på minimum 2 år bør vera tilstrekkeleg for dei som fortsett ynskjer å oppretthalda m.v.a. - fritak for dei terapiformene som i dag er direkte unntatt etter forskrifta – d.v.s. å søkja seg ei organisasjonstilknypning som tilfredstillar dei krava som ligg nedfelt i registerforskriftene.

Vi er glad for at det blir uttrykt vilje til at unntaket i nemnde forskrift også vil kunna omfatta fleire terapiformer enn det som er gjeldande i dag.

Med helsing
for Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon

John Petter Lindeland
Ledar NNH

Sigrun K. Hansen
Gen. sekretær.